



Pretre AS er ein leiande aktør i Noreg innanfor prosjektering og levering av prefabrikkerte trekonstruksjonar. Hovudproduktet er takstolar, og innafor dette området er vi den største produsenten i landet. All produksjon skjer ved eigne fabrikkar i Stryn, Tvedestrand, Steinkjer og Gausdal, der vi i 2010 opna den mest moderne takstolfabrikken i Europa. Mellom kundane våre er dei leiande husbyggjekjedane, entreprenørane og byggevareforretningane i Noreg. Totalt er vi 75 tilsette, og skal i 2012 nå ein omsetnad på NOK 152 mill. Bedrifta har ei solid økonomisk plattform, noko som er viktig for vidare vekst og utvikling.

Vi ynskjer å styrke marknadsposisjonen vår ytterlegare, og vil difor tilsette fleire nye:

## Konstruksjons- ingeniørar

**– gjerne med talent og interesse for sal. Vi vil helst ha deg lokalisert ved hovudkontoret i Stryn, men lokalisering ved kontora i Trondheim, Gausdal eller Tvedestrand er og aktuelt.**

Du vil gå inn som ein del av selskapet si konstruksjonsavdeling, og saman med dei øvrige ingeniørane og sivilingeniørane ha ansvaret for konstruksjon til produksjonseiningane våre.

Erfaring frå konstruksjon av berande trekonstruksjonar er ein fordel, men ingen forutsetning. Om du og har talent for sal er det fint, sidan det er aktuelt å gi stillinga eit visst salsansvar. Du kan rekne med interessante arbeidsoppgåver og god anledning til utvikling i ei framtidretta bedrift med særskilt godt arbeidsmiljø.

For ytterlegare opplysningar, kontakt Rune Sandbakk på telefon 57 87 28 80/913 98 240. Skriftleg søknad med CV, i første omgang utan attestar og vitnemål, sendast på e-post til: [rune@pretre.no](mailto:rune@pretre.no) innan 10. januar 2012.

## Økonomi-/rekne- skapsmedarbeidar

**Lokalisert til hovudkontoret i Stryn**

Vi ynskjer oss ein person med god erfaring frå rekneskap, som har analytisk evne og kan delta i arbeidet med periode- og årsavslutning. I tillegg til rekneskapsoppgåver vil stillinga få ansvar for timeregistreringssystemet, månadleg lønsavrekning, termin-/årsoppgåver og øvrige oppgåver knytta til området løn.

For ytterlegare informasjon om stillinga, kontakt økonomisjef Eivind Hopland på telefon 57 87 28 80/908 61 126. Skriftleg søknad med CV, i første omgang utan attestar og vitnemål, sendast på e-post til: [eivind@pretre.no](mailto:eivind@pretre.no) innan 10. januar 2012.

For alle stillingane søker vi etter personar som er samarbeidsvillige, og har godt humør og stor arbeidskapasitet.

DEN RASKESTE VEIEN TIL KRANSELAGET

Pretre AS pb 162 6781 STRYN tlf: 57 87 28 80 [www.pretre.no](http://www.pretre.no)